



Ein god hyllometer

GODE NYNORSKE BARNE- OG UNGDOMSBØKER

UTGJEVAR: Nynorsksenteret
REDAKTØRAR: Liv Kristin Bjørlykke Øvereng
og Liv Astrid Skåre Langnes
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen
FOTO: Ingvild Myklebust Hovden
SKRIFTER: Auto og Dolly
PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS

© Nynorsksenteret 2020

HEFTET ER LAGA I SAMARBEID MED:



Nynorsk kultursentrum



JURY: Liv Kristin Bjørlykke Øvereng,
Liv Astrid Skåre Langnes, Trond Strand,
Janne Karin Støylen og Troels Posselt.

Takk til Foreningen !les og Svidal skriveri.



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



	Biletbøker s. 4
	Barnebøker s. 6
	Ungdomsbøker s. 8
	Sakprosa s. 10
	Dikt og poesi s. 12
	Teikneseriar s. 13
	Lette å lese s. 14



Ein god hyllemeter

I DENNE KATALOGEN finn du omtalar av 40 gode, nynorske barne- og ungdomsbøker. Du finn også tips til fleire andre gode, nynorske bøker i eit breitt utval av sjangrar og uttryksformer. Set du alle desse bøkene ved sida av kvarandre, får du godt og vel ein meter med bøker frå øvste hylle.


Som ein del av Bokåret 2019 har Nynorsk-senteret, Pirion, Framtida.no og Framtida junior kåra dei beste nynorske barne- og ungdomsbøkene etter år 2000 innanfor fire ulike kategoriar. Barn og unge frå heile landet sende inn forslag,

og ein jury såg på alle desse forslaga og bestemte det endelige utvalet. Kategoriane var biletbøker, barnebøker, ungdomsbøker og faktabøker. Berre nynorsk originallitteratur fekk vere med i utvalet, altså bøker som ikkje er omsette frå eit anna språk. Juryen valde også at kvar forfattar berre kunne vere representert med éi bok i kåringa. Slik vart mange forfattarskapar representerte, og vi fekk kaste lys over ein stor del av den nynorske barnebokhylla.

I denne katalogen finn du også tips til andre gode bøker. Bøker som ikkje høyrer heime i ein av dei fire kategoriane, eller som av andre årsaker ikkje vart med på listene over dei beste bøkene på nynorsk: diktsamlingar, teikneseriebøker, peikebøker, bøker av utanlandske forfattarar og eit utval bøker skrivne før år 2000.

Her vil de finne ein god hyllemeter der det er ei bok for alle. Vi ønskjer alle ei riktig god lesestund!

BILETBØKER



Henrik And

Anna R. Folkestad
Samlaget 2011

Henrik And vil heller vere eit anna dyr og gjere heilt andre ting enn ei and. I denne boka leikar Henrik seg med tanken på kor fint det ville vere å kanskje vere ein hund eller ein katt. Gjennom detaljrike og humoristiske illustrasjonar får vi sjå den omforma anda i vittige situasjonar. Ellevilt og gøy om at det er best å vere seg sjølv.



Gabba gabba hey!

Frode Grytten og Gry Moursund
Samlaget 2008


Knut vil ikkje på tivoli. Knut er livredd for tivoli. Men kva gjer du når du har ein far i hawaiiiskjorte som elsker tivoli? Boka fortel ei historie om det å vere redd og at barnet si stemme er viktig. Tekst og bilete lagar eit fyrverkeri av ei bok som både tivolielskarar og tivoliatarar elsker.



Jakob og Neikob. Naboen

Kari Stai
Samlaget 2016

I denne fjerde boka om Jakob og Neikob får dei ein nabo. Jakob vert glad og nysgjerrig, medan Neikob vert svært skeptisk og vil setje opp eit gjerde. Temaet framandfrykt vert omtala på ein slik måte at det treffer både vaksne, skulebarn og barnehagebarn. Ei forteljing med overraskande og kreative moment både språkleg og visuelt.



Timothy mister seg sjølv

Vegard Markhus
Aschehoug 2010

Dette er ei ellevill forteljing med eventyraktig forteljestil om det å finne seg sjølv. Timothy mister seg sjølv del for del, reint bokstaveleg. Og etterpå limer han seg sjølv saman igjen med superlim. Dette er ei surrealistisk og artig bok om kroppen.



Pølsetjuven

Marianne Gretteberg Engedal
Samlaget 2019

Kjell er tjuv. Han bur i eit røvarhus rett utanfor ein fredeleg, fargerik by. Kjell drøymmer om noko anna. *Pølsetjuven* ligg i grenselandet mellom biletbok og teikneserie. Det er ei bok med intertekstualitet og humoristisk vinkling på det å finne seg sjølv.



Førstemamma på Mars

Gyrid Axe Øvsteng og Per Ragnar Mørkleby
Samlaget 2013

Førstemamma på Mars er ei sterk forteljing om korleis barn opplever alvorleg sjukdom hos ein av foreldra. Det er ikkje lett å takle at mor er sjuk, verken for far eller for den vesle jenta. I denne forteljinga møter vi den vesle jenta sine fantasiar og førestillingar om at den supre og humørfylte mora framleis finst i kvardagen.


BILETBØKER



Pling vaken

Irene Ahn  ll og Elisabeth Moseng
Samlaget 2018


Klara f  r ikkje sove, og vi kjenner att klassikaren om Albert   berg. *Pling vaken* kan lesast som ei nyskriving av denne historia, og n  r nye b  ker gneistrar som dette, kan ein gje sundlesen syttitalslitteratur avl  ysing. Boka er sprudlande, med fargar og m  nster som understrekar kjensla av    vere «pling vaken».



Flekkmonsteret bygger harefelle

Vette Opedal, Hallgeir Opedal og Per Dybvig
Samlaget 2004

Dette er ei leiken monsterforteljing med lukkeleg slutt. Ein dag bestemmer Flekkmonsteret seg for    bygge ei harefelle. Den eine etter den andre g  r i fella, og snart er fella smekkefull. Historia er humoristisk, og illustrasjonane er styggfine, fargerike og energiske.



Bronto Biff p   Caf   Olala

Nhu Diep
Samlaget 2012

Bronto Biff er ein uvanleg dinosaur. Han et berre einsfarga, svart mat. Men ein dag bestemmer han seg for    pr  ve noko nytt, han g  r p   restaurant og bestiller alt dei har p   menyen. Det er herleg! Dette er ei humoristisk bok om    utfordre seg sj  lv! Fargebruken understrekar tematikken, som engasjerer sm   barn. Barn elsker denne boka, og plukkar ho igjen og igjen.



Himmelspringaren

Sissel Horndal
Mangschou 2008

Dette er ei klassisk heltehistorie om den vesle og svake som ikkje liknar dei andre. Det lilla lammet finn motet i seg sj  lv og bergar flokken. N  r du opnar denne boka, kjem du inn i eit landskap der du f  r lyst til    bla vidare.


ANDRE GODE BILETB  KER

- **Bo flyttar ut** av Trude Tjensvold. Samlaget 2016.
- **Bomulv** av Njord Svendsen og Akin Duzakin. Samlaget 2016.
- **Det runde problemet** av Vegard Markhus. Aschehoug 2019.
- **Monsterbr  k** (fr   serien om Storemonster og Veslemonster) av   . J  nsdottir, R. Helmsdal og K. G  ttler. Skald 2014.
- **Arkimedes og rulletrappa** (fr   serien om Arkimedes) av Hans Sande og Gry Moursund. Gyldendal 2002.
- **M  nen som ville lyse som ei sol** av Elin Grimstad. Samlaget 2012.
- **Ekte mannfolk** av Manuela Olten. Skald 2010.
- **Boka om Benny** (fr   serien om Benny) av Barbro Lindgren og Olof Landstr  m. Samlaget 2004.
- **Farvel, Rune** av Marit Kaldhol og Wenche   yen. Samlaget 1986.
- **Mons Marius er ei l  ve** av Bente Bratlund og Stina Langlo   rdal. Mangschou 2010.
- **Torbj  rn Isbj  rn** av Titus Kodzoman og Anne Angelshaug. Skald 2009.
- **Den store boka om frosken og vennene** (fr   serien om frosken) av Max Velthuijs. Samlaget 2019.
- **Malla sykklar** (fr   serien om Malla) av Eva Eriksson. Samlaget 2003.

SERIAR FOR SM  BARN

- **Mopp og Mikko** (4 b  ker) av Kari Stai. Samlaget.
- **Unni og Gunni** (3 b  ker) av Anna R. Folkestad. Samlaget.
- **B   og B  ** (7 b  ker) av Olof og Lena Landstr  m. Samlaget.
- **Veslefanten** (7 b  ker) av Camilla Lundsten. Samlaget.

BARNEBØKER



Teo i trøbbel

Solveig Blindheim Bendixen
Mangschou 2011

Teo i trøbbel er ei humoristisk og realistisk bok om å byrje på skulen og dei kvardags-utfordringane ein då kan møte. Det er gjenkjennelege og truverdige situasjonar frå førsteklasselivet som er tekne på alvor. Teo møter ulike utfordringar som løyser seg på litt ulikt vis.



Fly, Thea! Fly!

Bente Bratlund
Mangschou 2015


Fly, Thea! Fly! er ei bok om venskap, draumar og om det å kjenne seg utanfor. Dette er ei rørende forteljing om korleis det kan kjennast å vere fosterbarn. Temaet og relasjonane er skildra realistisk og med ein sterk tråd av optimisme og framtidstru.



Tonje Glimmerdal

Maria Parr
Samlaget 2012

Når du startar å lese denne boka, kjem du rett inn i forteljinga. Du får lyst til å lese vidare om alle dei påfunna Tonje har, og om dei ulike venskapsrelasjonane som er i den vesle bygda. Boka er livsglad, herleg og dunderande. Du vil ikkje angre.



Verdas mest forelska par

Rune Belsvik
Cappelen 2001

I denne kjærleiksforteljinga leikar Belsvik med språket. Det er hørkelpørkel og pludring, dei vaksne er som barn, og alt går føre seg i ei naiv, men levande skildra verd. Filtrert gjennom dette samfunnet vert kjærleiken Belsvik skriv om, ekstra tydeleg og fin.



Eksperimentet

Harald Nortun
Samlaget 2015

Ei bok om å vere ungdom og i ein situasjon der ein skal finne seg sjølv. Personlegdom handlar om meir enn korleis ein ser ut. I denne boka vert kjønnsrollemønster og stereotype oppfatningar om kva ei jente og ein gut må vere, utfordra gjennom tvillingeksperimentet. *Eksperimentet* byr på både forviklingar og alvor.



Motorsykkelmysteriet

Magnhild Bruheim
Samlaget 2014

Motorsykkelmysteriet er ei spennande krimbok for barn. Hovudpersonane, Stian og Stine, er stesøsken, og boka inneheld både familie-utfordringar, venskap, empati og samfunns-engasjement. Og ikkje minst eit spennande mysterium.


BARNEBØKER



Ollis

Ingunn Thon
Samlaget 2017

Ingunn Thon si bok *Ollis* er ei fengjande forteljing som får deg hekta etter berre nokre sider. Det er ein spennande barneroman om venskap, familie og mot. Her er mykje humor, kvardagslege utfordringar og alvor om kvarandre, presentert gjennom eit frodig og detaljrikt språk.



Happy

Linn T. Sunne
Samlaget 2007

Happy er ei vakker, lita historie som handlar om å vere ny i ei klasse, om å vere utanfor og om å manøvrere i den vanskelege verkelegheita. Med varme og innsikt viser forfattaren kor vanskeleg det kan vere å vere barn på veg til å bli ungdom. Språket og formatet er lett å lese, utan at det går ut over boka sine litterære kvalitetar.



Snillionen

Arnfinn Kolerud
Cappelen Damm 2017

Frank og mor vinn 24 millionar i Lotto, og mor bestemmer seg for å gje bort ein million til ein person i bygda som gjer noko ekstra snilt. På ein intelligent måte skildrar boka kva fattigdom kan få folk til å gjere, og kva rikdom kan få folk til å gjere. Dette er ei svært morosam bok, full av humor, språkleik og artige observasjonar.



Flukt


Atle Hansen
Samlaget 2013

Flukt er ei kort og spennande slukebok om nær venskap, etikk og spionering, og ho tek opp brennheite samfunnsspørsmål som asylpolitikk og å halde informasjon skjult for politiet. Slikt trengst i lettleslitteraturen! Boka engasjerer lesaren, uavhengig av om ein interesserer seg for temaa som blir tatt opp, eller ikkje.

ANDRE GODE BARNEBØKER

- **Vaffelhjarte** av Maria Parr. Samlaget 2005.
- **Keeperen og havet** av Maria Parr. Samlaget 2017.
- **Hjarteklapp** av Hilde K. Kvalvaag. Samlaget 2003.
- **Skammarens dotter** (Skammarserien) av Lene Kaaberbøl. Samlaget 2003.
- **Heksa** av Atle Hansen. Samlaget 2001.
- **Barnas store eventyrbok** illustrert av Svend Otto S. Samlaget 2015.
- **Keeperen til Tunisia** av Lars Mæhle. Samlaget 2002.
- **Dei et ikkje sjokoladepålegg i krigen** (første bok i ein serie) av Ingunn Røyset. Samlaget 2014.
- **Hest, hest, tiger, tiger** av Mette Eike Neerlin. Samlaget 2017.
- **Jakta på firkløveren** av Christian Wiik Gjerde. Samlaget 2016.
- **Berre ikkje brøytepløgen kjem** (første bok i ein serie) av Arnfinn Kolerud. Samlaget 1996.
- **Blå flaggermus** av Harald Nortun. Samlaget 2019.
- **1000 dagar** av Inger Johanne Sæterbakk. Aschehoug 2017.
- **Dumme, dumme hjarte** av Linda Klakken. Samlaget 2017.
- **Ta 100 steg og få ein venn** av Erna Osland. Samlaget 2015.
- **Dustefjerten og den store vårdagen** (frå serien om Dustefjerten) av Rune Belsvik. Cappelen 1996.


UNGDOMSBØKER



Smadra

Brynjulf Jung Tjønn
Flamme forlag 2018

Truverdig bok om eit vanskeleg tema: Oda har ei mor som slår. Kapitla i boka er korte og er skrivne som verselinjer med rytme og driv. Sjølv om teksten er kort og lett å lese, er setningane både bileterike og meningssterke. Temaet er mørkt, likevel slepper forfattaren inn det lyset både Oda og lesaren treng.



Arrfjes

Terje Torkildsen
Samlaget 2014

Historisk sjøroman som er tettepakka med fengande hendingar. Ejner er på si første reise som dekksgut på den norske skuta «Haabet». Året er 1812, og kanonbåtkrigen med England er på sitt hardaste. *Arrfjes* er ein eventyrleg roman med mykje spenning, godt driv og med gode litterære kvaliteter.



Jag är Supermann

Lars Mæhle
Samlaget 2017

Alle hendingane i denne novellesamlinga går føre seg den same sommardagen på Sunndalsøra. Lars Mæhle skriv slåande godt om ungdommar i Bygde-Noreg – om tankar, draumar og uro. Han brukar både humor og språklege verkemiddel, og vender seg til ungdommane med eit språk mange kan kjenne seg heime i.



Engel i snøen

Anders Totland
Gyldendal 2016

Vakker og sterk roman om ungdom, sjukdom og kor brutalt og kontrastfylt livet kan vere. Denne boka vert ståande lenge, fordi ho tek unge menneske på alvor. Boka er lågmælt og varm og skildrar venskap og samhald som lyser opp sjukehuskorridorane.



Inn i elden

Aina Basso
Samlaget 2012

Ei opprivande bok om hekseprossar i Finnmark på 1600-talet. Ei velstående, gift jente er gravid og byrjar å blø. Ei fattig jente kan kunsten å stoppe blod, noko som blir rekna for å vere trolldom. Den fattige jenta stoggar blodet og reddar liv – men slik vert hennar eige liv sett i fare. Aina Basso skriv lyrisk og originalt, suggererande og effektivt.



12 ting som må gjerast rett før verda går under

Bjørn Sortland
Aschehoug 2001

Humoristisk, eksistensielt skråblikk på livet. Foreldra til Therese skal skiljast, og Therese set opp ei liste over ting som må gjerast før dommedag. Ho bestemmer seg for å setje lista ut i livet. Dette er ei bok med store spørsmål om korleis alt heng saman, og kvifor det er viktig å vere ærlege med kvarandre. Boka er full av morosame episodar og komiske situasjonar.

UNGDOMSBØKER



Fengsla

Hilde K. Kvalvaag
Samlaget 2010


Ei gripande forteljing om ungdomsliv fylte av uro, lausriving, lengt og ein trong til å prøve ut. Skuleflinke Idun får verda snudd på hovudet då kusina Mai, som er av den utprøvande typen, flyttar inn heime hjå dei. Brått endrar livet seg frå kjedeleg til farleg. Historia er fortald i eit røft, knapt og slåande språk.



Søkeord: ayotzintli

Marit Kaldhol
Samlaget 2010


Tankevekkande roman, skriven i dagbok- og brevform. Mikke er ein ressurssterk gut med kjærast, vener og gode føresetnader for eit godt liv. Etter kvart bryt han kontakten med sine næraste og lukkar seg inne på rommet og inne i seg sjølv. Språket i boka er skarpt, det kjennest nesten som om kvar setning ber på ei underliggande meining.



Drakeguten

Asbjørn Rydland
Samlaget 2010

Drakeguten er første boka i fantasyserien med same namn. Stallguten Koll finn ei drakehole og må hanskast med lojalitetskonflikter, soldatar og kreftene i nordavinden. Rydland skriv godt, handlinga er spennande og fiksjonsuniverset er stort, komplekst og levande.



Glimt

Tor Arve Røssland
Samlaget 2015

Denne grøssaren går føre seg på to ulike tidsplan: andre verdskrigen og i dag. Etter kvart byrjar det hende skremmande og uforklarlege ting i notidsforteljinga. Kan dei vere knytte til det som hende under krigen? *Glimt* er ei spennande og uhyggeleg bok.

ANDRE GODE UNGDOMSBØKER

- **Draumar betyr ingenting** av Ane Barmen. Gyldendal 2019.
- **Dystopia** (serie) av Terje Torkildsen. Samlaget 2009–2012.
- **Vegandi** (serie) av Asbjørn Rydland. Samlaget 2016–.
- **Zweet og Z for sorry** av Marit Kaldhol. Samlaget 2015 og 2017.
- **Søsteranarkistane** (serie) av Sturla Bang og Hilde K. Kvalvaag. Samlaget 2017–.
- **Mitt bankande hjarte** av Alf Kjetil Walgermo. Cappelen Damm 2011.
- **Utfor** av Sunniva Relling Berg. Samlaget 2011.
- **Svarte-Mathilda** (serie) av Tor Arve Røssland. Samlaget 2010–2013.
- **Landet under isen** (serie) av Lars Mæhle. Samlaget 2009–2014.
- **Handgranateple** av Ingelin Røssland. Samlaget 2006.
- **Veslebror ser deg** av Cory Doctorow. Samlaget 2009.
- **Ingen må vite** av Aina Basso. Samlaget 2008.
- **Fredlaus** av Ragnar Hovland. Samlaget 2006.
- **Triks** av Bjørn Sortland. Lettlest forlag 2006.
- **Cherub** (serie) av Robert Muchamore. Samlaget 2010–2019.



Under ein stein

Erna Osland og Inger Lise Belsvik
Samlaget 2014


Kjempefin og informativ bok om små dyr som lever liva sine under ein stein. Boka gjer lesaren nysgjerrig, illustrasjonane er flotte, detaljerte og tydelege, og innhaldet blir formidla gjennom eit velklingande språk, tilpassa barn. Perfekt å ha med ut på tur.



Viss eg hadde hale

Mats Eldøen og Sindre Goksøyr
Samlaget 2019

Ei uvand, original og overskridande tilnærming til formidling av fakta. Boka handlar om kva dyra brukar dei ulike kroppsdelane sine til, og korleis det ville sett ut om vi hadde desse eigenskapane sjølve. Her får begge hjernehalvdelane vere i full sving. Fakta på ei side, leik med assosiasjonar og fantasi på den andre.



Ida

Jørn Hørum, Torstein Helleve og Esther van Hulsen
Cappelen Damm 2011

Ei fantastisk forteljing om fossilet Ida, med informative og realistiske illustrasjonar. Boka er delt i to, der den første delen fortel historia om livet til Ida, frå fødsel til død. I fagdelen av boka får vi kjennskap til korleis ho levde, og korleis forskarar arbeider for å hente fram slik kunnskap. Boka inviterer lesaren til varierte måtar å lese på.



10 ville ekspedisjonar

Pia Strømstad og Trond Bredesen
Samlaget 2018

Inspirerende forteljingar om kjende og mindre kjende ekspedisjonar. Som oftast høyrer vi om dei vellykka ekspedisjonane, dei som lykkast i å kome heilt fram eller setje rekorden dei håpa på. Men mange når ikkje målet. I denne boka er også dei med.



Klara kan mykje rart om mat

Teresa Grøtan
Samlaget 2012

Kunnskapsrik bok som tek historia bak maten på alvor, og som viser alt ein kan få til viss ein vil det nok. Klara er på sommarferie hos bestemor og hjelper til i den vesle gardsbutikken hennar. Vi blir med dei på leit etter lokal mat å selje. Vi får lære om kortreist mat, korleis mat blir til, og ulike eigenskapar maten har.



Dyras beste sjekketriks

Malin Hellebø og Camilla Kuhn
Samlaget 2019

Energisk og humoristisk formidling av korleis dyr går fram når dei skal finne ein partnar. Malin Hellebø samanliknar flørtning og kurtise i dyrelivet med våre eigne måtar å nærme oss kvarandre. Dyra dansar, kysser og gjev kvarandre gåver. Ein underhaldande og kunnskapsrik inngang til den merkverdige dyreverda.

SAKPROSA



Ørjans keeperskole

Ørjan Håskjold Nyland
Samlaget 2016


Personlege skildringar av korleis ein skikkeleg god keeper tenkjer og handlar i avgjerande situasjonar i ein kamp. Innimellom avsnitta med treningstips kjem forteljingar frå Ørjan Håskjold Nyland sin fantastiske karriere. Boka er illustrert med mange store og gode bilete frå trening og kampar med fullsette stadion.



Klimaboka

Sigri Sandberg Meløy
Samlaget 2011

Ei bok som gjer temaet klimaproblem levande og nært, som angrip det frå mange vinklar og oppmodar lesaren til å tenkje sjølv. Boka styrer innom brennaktuelle problemstillingar og sneiar borti både isbjørn, klimamodellar, satelittar, drivhuseffekten og ny forskning. Lett og munnleg om store og vanskelege spørsmål.



Ordleiks boka

Olaf Husby og Stina Langlo Ørdal
Skald 2008

Leiken, humoristisk og myldrande bok for språkinteresserte og dei som skal bli det. I denne boka kan du bli med på ei oppdagingsferd i språkverda og leike med ord, uttrykk, ordtak og dialektar. Kvar bokstav har sitt eige kapittel. Der finn vi aktivitetar rim, regler, vitsar, rebusar og fakta.



Som ein bror

Alfred Fidjestøl
Samlaget 2019

Velskriven forteljing om livet til sjimpansen Julius. Visuelt er boka lekker og innbydande, med mange foto frå kvardagen, både i dyreparken i Kristiansand og heime hjå menneskefamiliane der han vaks opp. Språket er lett og daglegdags, og historia rører ved og engasjerer lesarar i mange aldrar.

ANDRE GODE SAKPROSABØKER


- **Nattmannen** av Anders Totland og Kristian Krohg-Sørensen. Gyldendal 2019.
- **Den norske slavehandelen** av Anders Totland og Kristian Krohg-Sørensen. Gyldendal 2018.
- **Kva er greia med alle dei nakne folka i kunsten?** av Susie Hodge. Samlaget 2017.
- **Raudt, blått og litt gult** av Bjørn Sortland og Lars Elling. Samlaget 1993.
- **Vaken?** av Erna Osland og Anna Fiske. Samlaget 2017.
- **Brevet frå krigen** av Ingunn Røyset. Samlaget 2017.
- **Rosas buss** av Fabrizio Silei og Maurizio A.C. Quarello. Samlaget 2012.
- **Stamceller – kroppens superheltar** av Øystein Runde. Gyldendal 2017.
- **DO. Ei stinkande reise gjennom bæsrens historie** av Pia Strømstad og Flu Hartberg. Samlaget 2017.
- **Verdas viktigaste bok. Om kroppen, kjensler og sex** av Nathalie Simonsson. Samlaget 2016.
- **Heksejakt og heksebrenning i Europa** av Aina Basso. Samlaget 2016.
- **Slik funkars det!** av Mats Wänblad. Samlaget 2016.
- **Fint å ha far** av Erna Osland og Marvin Halleraker. Mangschou 2006.
- **Visste du at ...?** (serie). Samlaget 2017–2020.

DIKT OG POESI



Bjørkebokstavar

Hilde Myklebust
Samlaget 2015



Elefantmusikken

Ragnar Hovland
og Iben Sandemose
Samlaget 1985/2004



Trollguten og andre dikt

Jan-Magnus Bruheim
Samlaget 2018



Når morgonfrosken syng

Per Olav Kaldestad
Samlaget 2004




Eg og Pontus går i land

Odd Nordstoga og Rune Markhus
Gyldendal 2014



Skogen den grønne

Ruth Lillegraven
Samlaget 2018



Eg er eg er eg er

Ruth Lillegraven
Samlaget 2016



Vemmelige vers

Roald Dahl og Quentin Blake
Bokvennen 2016



Konrad Kråkebolle og andre fjærefantar

Lisbeth Dreyer
og Per Ragnar Møkleby
Skald 2014



Reisa til verdas farlegaste land

Malte Persson, Rui Tenreiro
og Simen Hagerup
Skald 2017


TEIKNESERIER



Pepar & Gulrot

David Revoy


Nettserie som ligg gratis ute på
www.peppercarrot.com/nn/



Jojo

Ida Eva Neverdahl


Samlaget 2018



Soga om Olav Sleggja

Øystein Runde


Samlaget 2009



Berserk

Øystein Runde

Gyldendal 2018



Goliat

Tom Gauld

Minuskel 2013



Maus – samla utgåve

Art Spiegelman

Cappelen Damm 2009



Kjøt

Mette Karlsen og Tord Torpe

Magikon forlag 2018



Rekrutten

Muchmore, Aggs og Edginton


Samlaget 2012



Bjartmann

Øystein Runde

Jippi Forlag 2012




Überrevolution

Are Edvardsen (red.)


Überpress 2018

LETTE Å LESE



Krabbekrise

Anna R. Folkestad
Samlaget 2016



Epleslang

Vegard Markhus
Samlaget 2015




Prompebroren

Bente Bratlund
og Odd Henning Skyllingstad
Samlaget 2016



Jenta i kista

Laura Djupvik og Camilla Kuhn
Samlaget 2019




Bestem deg, Tony T, bestem deg!

Erna Osland og Sigbjørn Lilleeng
Samlaget 2017




Fuglefangartreet

Torvald Sund
Aschehoug 2005



Knotrud FK i Norway Cup

Lars Mæhle og Steinar Moldestad
Cappelen Damm 2011



Matias Maradona

Atle Berge og Henning Lystad
Samlaget 2015



Polarnatt

Sunniva Relling Berg
Samlaget 2019



Den tolvte spelaren

Tor Arve Røssland
Samlaget 2018



NYNORSKBOK.NO

Kvart år kjem det mange nye, gode barne- og ungdomsbøker på nynorsk, men det kan vere ei utfordring å halde seg oppdatert. På Nynorskbok.no finn du boktips, omtalar av bøker og informasjon om kva aldersgruppe bøkene kan passe til.



I DENNE KATALOGEN finn du omtalar av 40 gode, nynorske barne- og ungdomsbøker. Du finn også tips til fleire andre gode, nynorske bøker i eit breitt utval av sjanrar og uttrykksformer. Set du alle desse bøkene ved sida av kvarandre, får du godt og vel ein meter med bøker frå øvste hylle.